

Innspill til oppdrag om solkraft og anna lokal energiproduksjon

Barrierer og virkemidler for utbygging av solkraft på bakken

Lokalisering

Ei av dei største barrierene for utbygging av solkraft på bakken er at dette i mange tilfeller medfører store inngrep i viktige natur-, kultur-, og friluftslivsområde. Noko som igjen skapar motstand og konflikt, og derav tunge prosessar. Det viktigaste verkemiddelet for meir effektiv utbygging er dermed å prioritere utbygging i grå areal framfor i LNFR. Og deretter å unngå område med verdifull og sårbar natur.

Derfor har DNT i samarbeid med fleire andre miljø- og friluftslivsorganisasjoner utarbeidd kriterier for kva område som bør tilleggast særskilte omsyn ved fornybarutbygging. Direkte konflikt eller forringing av desse må ligge til grunn for tidleg avslag og konsesjonstildeling. Det gjeld:

- Verneområde og INON-områder med buffersoner
- Store samanhengande område med urørt preg, trua naturtypar, nasjonalt og regionalt viktige friluftslivsområde, og utvalgte kulturlandskap.
- IBA-område, viktige leveområde og trekkområde for ansvarsartar, truga og prioriterte artar som blant anna villrein.
- Myr og anna våtmark, torvmark og karbonrik skog.

I tillegg må urfolk som tradisjonelt opererer i områda høyrast, og deira interesser må vektleggast og ivaretakast.

Kriteriesettet er ikkje meint å vere uttømmande, det representerer nokre minimumsomsyn som bør ligge til grunn for «best practice» og helst forankrast juridisk. Det kan føreligge andre omsyn, til blant anna lokalt, eller regionalt viktige tema med meir som tilseier at ein utbygging ikkje er ynskja, men dette vil måtte vurderast i kvar enkelt sak.

Ved at område som innehar desse gitte kriteria er slått fast som uynskja/ueigna for utbygging vil prosessen bli meir forutsigbar for både utbyggar, plan- og konsesjonsmyndigheit, og sivilsamfunnet. Alle involverte slepp med dette å kaste bort tid på prosjekt som truleg blir avvist, eller må klagehandsamast.

DNT meiner dette vil bidra til både mindre konflikt, raskare prosesser, og mindre kostnader. Og ikkje minst til ivaretaking av verdifull natur i samsvar med naturavtalen.

Innspel til følgande deloppdrag: Solkraft og plan- og bygningsloven

DNT meiner at for å nå målsettinga om 8 TWH solkraftproduksjon, så må utbygginga skje på naturens premisser og skåne dei viktigaste natur-, kultur-, og friluftslivsområda våre. I tillegg er det avgjerande med opne demokratiske prosessar og gode rutinar for medverknad ved etablering av solkraftanlegg. Plan- og bygningsloven kan i så måte vere eit godt verktøy.

I forhold til om plankrava til vindkraft på land (som skissert i Prop. 111L (2022-2022)) er eigna for solkraft, så meiner vi at det ikkje er tilstrekkeleg med såkalla *overordna områderegulering*, men at solkraft på bakken i utgangspunktet bør detaljregulerast.

Solkraftanlegg på bakken vil i større grad enn vindkraftanlegg lokaliserast tettare på lokalsamfunn, i jordbruksområde, eller i tilknytning til industri- og næringsareal. Dette er område som anten er detaljregulert frå før og krev reguleringsendring, eller LNFR-område som også må handsamast etter jordlova mm. Det er altså i desse områda fleire omsyn som må takast og fleire konflikhtar som kan oppstå.

Dette krev meir detaljert utgreiing - konsekvensutgreiing (KU) på tiltaksnivå, og risiko- og sårbaranalyse (ROS), og det krev meir detaljert planlegging som kan ta omsyn til mellom anna mjuke trafikantar, lokalt friluftsliv, kulturminne, klimatilpassing (særleg skogsbilveggar er utsett for å leie vatn på ville vegar – noko som blir aktuelt ved etablering av solkraftanlegg i skogsområde), med meir. Solkraftanlegg på bakken bør derfor ikkje bli råka av dei same restriksjonane/merknadene for regulering som vindkraft på land (jamfør pbl 12-1, tredje ledd, femte punktum).

- Solkraft bør innlemmast i plan- og bygningsloven, med krav om reguleringsplan (for alle bakkemonterte anlegg – også i grå areal).
- Det bør utgreiast om ein bør leggje til nye arealføremål i pbl § 12-5 for vindkraft- og solkraftproduksjon.

Fornybarforskrift

Når fleire sektorlovar og myndigheiter slår inn i same sak, bør det utarbeidast ei forskrift som kan styre samordninga mellom desse, og kan ligge til grunn andre omsyn som bør takast nettopp for fornybarproduksjon. (Energilova er ikkje utarbeidd eller eigna til å handtere arealforvaltning.)

Vi ser allereie no at det er utfordrande å koordinere prosessane etter fleire lovverk for vindkraft på land. Der finst feire tilfelle av dårleg informasjon og lite heilskaplege vurderingar grunna ulik praksis og tolkning av systemet i kommunane.

Derfor foreslår DNT ei forskrift for fornybarproduksjon som bør gjelde for vindkraft på land, solkraft på bakken, og hybridanlegg.

Denne bør inneha:

- Sakshandsamingsreglar
- Definerte omsyn til natur-, kultur- og friluftslivsverdiar, inklusiv kriterium for tidleg avslag og konsesjonstildeling
- Retningslinjer for samordning mellom myndigheiter, sektorlovverk og internasjonale direktiv og konvensjonar.

DNT meiner dette samla sett vil bidra til å dempe konfliktnivå, og betre tilliten og kvaliteten til både plan- og konsesjonsprosessen, og sluttresultatet.

Fornybarutbygging i grå areal

Innspel til følgande deloppdrag:

2. Vurdere potensial, tiltak og virkemidler for solenergi, og for annan fornybar kraft på nedbygde arealer mot 2030

4. Innføring av konsesjonspliktutvurderingar av sol- og vindkraftanlegg på industri og næringsområder

DNT meiner at hovudandelen av fornybar energiproduksjon, som vindkraft, solkraft og hybridanlegg må foregå i grå areal. Det vil sei allereie nedbygde og forringa areal, som til dømes industrianlegg, infrastrukturanlegg, masseuttak og liknande.

- Det er behov for ein avklaring og definering av kva som utgjer slike grå areal, og ein samla oversikt eller kartlegging av tilgjengelege grå areal.

Men også i grå areal kan det vere viktige naturverdiar, som fugletrekk, viltlivspassasjer med meir. Det er derfor viktig at utbygginga også her skjer på naturens premisser.

- Det er behov for å ivareta KU-plikt for fornybarutbygging i grå areal. Anten gjennom konsesjonsprosess etter energilova, eller gjennom krav til reguleringsplan gjennom plan- og bygningslova.

DNT har forståing for eit ynskje om hurtigare prosessar og utbygging i grå areal, men ein høgare terskel for konsesjonsplikt eller unntak/dispensasjon frå reguleringsplikt må ikkje gå på kostnad av utgreiingar av konsekvensar for natur og miljø. I grå areal tettare på busetnad og næringsdrift blir også ROS-analyse eit viktig verkemiddel for å avdekke konflikhtar, risiko eller sårbarheit for øvrige tema som bør visast omsyn. Dette ivaretakast best gjennom krav til reguleringsplan.

- DNT oppfordrar til at det blir sett krav om reguleringsplan for etablering av solkraft, vindkraft eller hybridanlegg i grå areal (og for bakkemonterte anlegg). Det bør også utgreiast om ein bør leggje til nye arealføremål i pbl § 12-5 for vindkraft- og solkraftproduksjon.

Med helsing

Dag Terje Klarp Solvang
Generalsekretær
Den Norske Turistforening

Siren Skråmestø Juliussen
Rådgjevar, naturforvalting
Den Norske Turistforening